

# Kjøpe periodebillett i FRAM-appen

FRAM tilbyr ulike typer periodebilletter. Du kan få ein strekningsbasert periodebillett basert på eit frå-punkt og eit til-punkt, og det finns kombinasjonsbilletter for buss+hurtigbåt og for buss+ferje.


For ein del geografiske område har FRAM laga førehandsdefinerte periodebilletter for buss. Områdebillettane har eigne prisar, og blir gjerne billigare enn om du vel eit strekningsbasert kort for same område.

Når du skal kjøpe periodebillett, bør du derfor først sjekke om det finns ein områdebillett for det området du vil reise i, sjå side 2-4. Viss det ikkje finns ein områdebillett som dekker ditt behov, kan du kjøpe ein strekningsbasert periodebillett (sjå side 5-9). På side 10 og 11 får du informasjon om korleis du finn aktive og utgåtte billetter og korleis du enkelt kan kjøpe same type billett som du har kjøpt tidlegare, på nytt.

## Slik kjøper du periodebillett i FRAM-appen


Opne FRAM-appen og vel Kjøp (iPhone) eller Billetter >> Kjøp (Android)

Viss du ikkje har gjort endringar i brukarprofilen din, vil du kome direkte inn på rett stad når du opnar FRAM-appen.




Trykk på knappen «Periodebillett» øvst i bildet for starte kjøpsprosessen.

Finns det ein områdebillett som passar ditt behov?




Når du har trykt på knappen «Periodebillett», kjem du inn i eit bilde med to felt for å angi haldeplass, (A) og (B) og ei liste over områdebillettar.

Bruk denne lista for å sjå om det finns ein områdebillett for det området du vil reise i. Lista kan vere lenger enn det som visast på ei side, så du kan bla nedover i lista for å sjå alle områdebillettar.



Bilde 1




Bilde 2

Du kan trykke på i-ikonet bak produktnamnet for å sjå meir informasjon om gyldigheitsområdet til områdebilletten og vilkår for bruk (bilde 1).


Det er og mogleg å få opp produktinformasjon for valt områdebillett når du har gått eit steg vidare i prosessen. Då kan du trykke på i-ikonet ved sida av namnet på områdebilletten (bilde 2).

**Merk!** Områdebillettane er sonebasert og følger ikkje kommunegrensene. Områdebilletten «Periodebillett Ålesund, Giske, Sula gjeld til dømes ikkje heile «nye Ålesund kommune», men frå Hessa og Skarbøvik i vest til Magerholm og Glomset i aust, samt til Fremmerholen og Brusdalen, og til Taftesund på Ellingsøya, i tillegg til Giske og Sula.


Finndu ein dekkande områdebillett, trykker du på namnet i lista (bilde 1) for å velje denne områdebilletten.



Bilde 1



Bilde 2



Bilde 3


Når du har valt områdebilletten, har du moglegheit til å endre startdato for periodebilletten, dvs. sette startdatoen til ein dato fram i tid. Som standard er startdato sett til dagens dato.

Viss du vil endre startdatoen, trykker du på datoen som er vist under «Velg startdato» (bilde 2) for å få opp ein datoveljar.


**Merk!** Datoveljaren vil sjå ulik ut for iPhone og Android. Bildet over visar korleis det ser ut på ein iPhone.

Når du har valt ønska dato, trykker du «Ferdig» for å lukke datoveljaren (bilde 3) og deretter på knappen «Fortsette» (bilde 2) for å gå vidare i kjøpsprosessen.

No skal du velje riktig billettkategori.



Bilde 1



Bilde 2


Som standard er periodebillett for vaksen vald (bilde 1).

Viss du ikkje skal ha periodebillett for vaksen, trykker du på minusknappen bak «Voksen» for å sette talet til 0. Trykk deretter på plussknappen bak ønska billettkategori (sjå eksempel i bilde 2.)

Ein periodebillett kan berre brukast på den telefonen du kjøpar han på, så det er derfor sjeldan aktuelt å kjøpe meir enn ein periodebillett om gongen per telefon. Pass derfor på at du berre trykker plussknappen éin gong i ønska kategori og at det står null føre dei andre kategoriane. Viss ikkje, blir det lagt til fleire billetter i kjøpet.

Har du har trykka fleire gongar ved ein feil, må du rette opp dette før du går vidare. Trykk på minusknappen for vald billettkategori til du har talet 1 føre den kategorien du vil kjøpe billett for.

Når du har valt riktig billettkategori og 1 billett, trykker du «Til betaling».



Før gjennomføring av betaling og stadfesting av kjøp, sjekk at vald produkt, startdato og billettkategori er korrekt. Pass og på at du har haka av for tilsending av kvittering på e-post viss du ønsker dette.

Viss du vil bytte betalingskort for kjøpet, trykker du på knappen med kortinformasjon under «BETALING» for å endre opplysningane.


Når alt ser bra ut, trykker du «Bekreft» for å fullføre kjøpet og periodebilletten er klar til bruk.

## Slik kjøper du ein strekningsbasert billett


Viss ingen av dei førehandsdefinerte områdebillettane dekker ditt behov, kan du kjøpe ein periodebillett for ei strekning som du definerer.

Når du har trykt på knappen «Periodebillett», kjem du inn i eit bilde med to felt for å angi haldeplass, (A) og (B) og ei liste over områdebillettar (bilde 1).


Når du skal kjøpe ein strekningsbasert periodebillett må du legge inn *frå-haldeplass/son*e og *til-haldeplass/son*e for å definere strekningen, men merk at periodebilletten er gyldig i begge retningar.



Bilde 1



Bilde 2




Bilde 3

Trykk i feltet «(A) Velg holdeplass» for å søke opp og velje haldeplass/soner du vil reise frå (bilde 1).


**Merk!** Den første gongen du søker opp haldeplass/soner, vil du bli spurt om du vil gi FRAM-appen tillating til å sjå den geografiske posisjonen din, slik at appen kan sortere lista over haldeplassar etter kva haldeplassar som er nærast deg (bilde 2).

Haldeplassar har ei rød kompassnål som ikon føre namnet (bilde 3), medan soner har eit kart som ikon føre namnet. På iPhone vil haldeplassane vere sortert først. På Android-telefonar vil sonene vere sortert først.


Viss du vil sjå andre haldeplassar, kan du skrive inn starten på namnet på den haldeplassen/sona du skal reise frå, under «Velg sted». (I eksempelet nedanfor har kjøparen skrive Moa (bilde 2) og deretter lagt eit mellomrom etter (bilde 3) for å få opp alle haldeplassar/sonar som heiter noko med Moa.



Bilde 1




Bilde 2



Bilde 3



Bla i lista for å finne rett haldeplass eller sone og trykk på aktuell haldeplass/sona. Dette blir no sett inn som startpunkt.



Trykk no i feltet «(B) Velg holdeplass» og gjenta prosessen for å finne den haldeplassen eller sona du vil reise til. Når du har funnet riktig haldeplass/sona, trykk på denne for å velje den som til-punkt.


Når både (A) (frå-punkt) og (B) (til-punkt) er lagt inn, får du opp ei liste over tilgjengelege strekningsbaserte periodebilletter under «Velg billettype».

Trykk på namnet til riktig type periodebillett i lista over tilgjengelege billettypar for å gå vidare.




Ver merksam på at utvalet av strekningsbaserte periodebilletter ikkje er det same for alle strekningar (sjå eksempel for to ulike strekningar på bilda over).

**Merk!** Lista over førehandsdefinerte områdebilletter vil og bli vist lenger ned i bildet, slik at du har moglegheit til å velje ein av desse viss du likevel finn ut at ein av områdebillettane dekker ditt behov. (Alle områdebilletter blir vist, ikkje berre dei som gjeld det området du har spesifisert i søket ditt.)



Bilde 1



Bilde 2

Når du har valt eit billettprodukt, har du moglegheit til å endre startdato for periodebilletten og sette startdatoen fram i tid. Som standard er startdato satt til dagens dato.


Viss du vil endre startdatoen, trykker du på datoen som er vist under «Velg startdato» (bilde 1) for å få opp ein datoveljar.

**Merk!** Datoveljaren vil sjå ulik ut for iPhone og Android. Bildet over visar korleis det ser ut på ein iPhone.

Når du har valt ønska dato, trykker du «Ferdig» for å lukke datoveljaren (bilde 2) og deretter på knappen «Fortsette» (bilde 1) for å gå vidare i kjøpsprosessen.



No skal du velje riktig billettkategori.




Dei tilgjengelege billettkategoriene for den strekningsbaserte periodebilletten du har valt, blir vist. Som standard er 1 periodebillett for vaksen vald.

Viss du ikkje skal ha periodebillett for vaksen, trykker du på minusknappen bak «Voksen» for å sette talet til 0. Trykk deretter på plussknappen bak ønska billettkategori.

Ein periodebillett kan berre brukast på den telefonen du kjøpar han på, så det er derfor sjeldan aktuelt å kjøpe meir enn ein periodebillett om gongen per telefon. Pass derfor på at du berre trykker plussknappen éin gong i ønska kategori og at det står null føre dei andre kategoriene. Viss ikkje, blir det lagt til fleire billetter i kjøpet.

Har du har trykka fleire gongar ved ein feil, må du rette opp dette før du går vidare. Tykk på minusknappen for vald billettkategori til du har talet 1 føre den kategorien du vil kjøpe billett for.

Når du har valt riktig billettkategori og 1 billett, trykker du «Til betaling».




Før gjennomføring av betaling og stadfesting av kjøp, sjekk at vald produkt, startdato og billettkategori er korrekt. Pass og på at du har haka av for tilsending av kvittering på e-post viss du ønsker dette.

Viss du vil bytte betalingskort for kjøpet, trykker du på knappen med kortinformasjon under «BETALING» for å endre opplysningane.

Når alt ser bra ut, trykker du «Bekreft» for å fullføre kjøpet og periodebilletten er klar til bruk.

## Finne igjen aktive og tidlegare kjøpte billetter


### Billettoversikt – iPhone



Vel «Billetter» i menyen nederst i bildet for å kome til ei oversikt over aktive og utgåtte billetter.

### Billettoversikt – Android

Oversikt over aktive og utgåtte billetter, ligg under «Billetter».




Standard opningsbilde når du går inn i «Billetter» er bildet «Kjøp». For å kome til oversikta over aktive og tidlegare kjøpte billetter, må du trykke på *fana* «Billetter» (markert på bildet til venstre).

Her ligg alle dine aktive og tidlegare kjøpte billetter.

Under «Kjøp» ligg det og «billetter», men dette er berre ei oversikt over dei typane billett du har kjøpt. Du kan trykke på ein billett for å kjøpe same type billett på nytt. (Sjå neste side.)

## Kjøpe same type billett som du har kjøpt tidlegare



Under «Kjøp» (iPhone) og «Billetter» >> «Kjøp» (Android) finn du ei liste over dei typane billett du har kjøpt tidlegare.

Viss du vil kjøpe same type billett igjen, trykker du på den billettypen du vil kjøpe, og så vil du kome inn i kjøpsprosessen for den typen billett.

**Merk!** Viss du kjøper ein ny periodebillett ved å gå om «Kjøp igjen», kan du ikkje sette startdato for periodebilletten fram i tid. Startdato for ny periodebillett blir dagens dato, utan moglegheit til å endre.